



Denne skissa viser 4 bustader, men no blir det operert med 5.

Som venta kjem rådmannen med ei positiv innstilling i Hagetun-saka som skal handsamast i komite for helse, omsorg og miljø 17. november og i formannskapet to dagar etterpå. Han går inn for at samarbeidsavtalen skal tas til orientering og godkjennaast til bruk mellom partane.

I tillegg skal formannskapet også tilrå at underliggjande modell og samarbeidsavtale vert nytta der dette er mogeleg for å kunna realisera bustadtrongen til vanskelegstilte grupper i kommunen. Bustadkontoret skal få fullmakt til å administrere slike avtaler.

Det har før vore operert med 4 bustader som skal byggjast på den gamle hagesenter-muren, men no blir det operert med 4 til 5. Dei fire vi få ei bruttoflate på 73 kvadratmeter og den femte blir mellom 80 og 100 kvadratmeter.

Den største skal tilpassast funksjonshemma med rullestol, som treng litt meir plass.

Bustadane er prisa til 1,4 million kvar og med eit tilskot på 40 prosent frå Husbanken kan 560.000 trekkjast frå.

Like mange funksjonshemma som talet på bustader har fått tilbod og vist interesse for kjøp eller leige. Dette er brukarar som har trong for tenester og oppfølging av ulikt omfang frå pleie- og omsorgstenesta, opplyser sakshandsamar Leif Kolbjørn Kongestøl.

Men alle er unge, trygda personar som ikkje har stor nok inntekt til å forsvare eit slikt kjøp. Difor kjem Husbanken inn i biletet med sitt bustadtilskot for vanskelegstilte. I tillegg til dette vil bebuarane kunna søkje om statleg bustøtte.

Samarbeidsavtala er laga etter modell frå Bergen. Kommunen får disposisjonsrett/tildelingsrett i 20 år med mogelegheit for forlenging. Avtalen medfører ingen kostnader for kommunen så lenge det bur leigetakarar i husværa. Kommunen skal syta for at dei som Husbanken definerar som vanskelegstilte vert prioriterte.

Det blir understreka at avtalar som denne berre vil vera aktuelle frå kommunen si side når bustadar og plassering av desse samstemmer med dei behova kommunen har både i høve til brukarar, deira behov og driftsføremoner.

Av Ola Matti Mathisen